

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2

6863 Leikanger



Att: Endre Høgalmen.

Aurland, 6. september 2017.

## **Nærøfjorden Verdsarvpark – innspel til budsjettprosessen for 2018.**

Syner til felles møte den 22. august d.å. kor m.a. fylkeskommunen si rolle som medstiftar av og økonomiske engasjement i Verdsarvparken vart drøfta.

### **Kort innleiing.**

Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjorden og Nærøfjorden - vart skrive inn på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005.

Aurland kommune i lag med kommunane Lærdal, Vik og Voss og Sogn og Fjordane fylkeskommune skipa, etter ein lengre førebuande prosess, stiftinga Nærøfjorden Verdsarvpark (NVP) den 28. januar 2008. *Stiftinga vart etablert med føremål å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøfjordområdet.*

Natur- og kulturparken inkluderer ei breitt samansett gruppe av samarbeidspartar/ aktørar i Sogn og Fjordane og Hordaland som aktivt har valt ei verdiplattform som bidreg til ivaretaking, berekraftig bruk og utvikling av verdsarven.

Til no har 70 samarbeidspartar slutta seg til Verdsarvparken gjennom ei forpliktande partnarskapsavtale og interessa er aukande.

NVP sin visjon vert uttrykt gjennom fylgjande:

*"Verdiskaping skjer i møtet. Verdsarvparken skal utvikle eigarskap til landskaps- og kulturverdiane og aktivt fremje internasjonale verneverdiar gjennom lokal økonomisk, kulturell og identitetsmessig utvikling."*

### **Budsjett og finansiering.**

Verdsarvparken sin årlege handlingsplanar fremjar innsats og tiltak i samsvar med overordna målsetjingar og satsingar nedfelt i Parkplanen. Brutto budsjett har dei siste åra lege mellom kr. 7,7mill. til kr. 14,2mill. Av dette har igjen parkpartnarane sjølv ytt om lag 50% gjennom tilskotsmidlar/eigne midlar og eigeninnsats.

NVP sin del utgjør mellom kr. 5,0 - 6,5 mill. og er til no samfinansiert gjennom prosjektmidlar frå ei rekkje kjelder. Av dette vert ca. kr. 2,0 - 2,8mill. løyvd som verdsarvmidlar frå Miljødirektoratet.

Parkplanen, verdsarvparken sitt langsiktige strategi og styringsdokument, peikar på fylgjande om framtidig finansiering av parken si verksemd: *"Stiftinga Nærøfjorden Verdsarvpark har oppnådd legitimitet og vist seg å ha evne til å fylle føremålet som eit operativt verktøy for stiftarane og verdsarvforvaltninga. Framtidig finansiering bør difor løysast som ei årleg grunnfinansiering ytt av stiftarane og verdsarvforvaltninga. I tillegg til grunnfinansieringa bør ein som fram til no aktivt bygge opp spleiselag saman med partnerar og relevante prosjekt- og støtteordningar(side 31)"*



Med dette som grunnlag er det over fleire år arbeidd med å etablere ei grunnfinansiering. Stiftarane drøfta saka inngåande på eit felles møte den 26. juni 2015 med utgangspunkt i fylgjande framlegg til fordeling:

	Stiftar	Grunnfinansiering	Status pr. 31.08.17.
1.	Aurland kommune	200 000,-	300 000
2.	Lærdal kommune	100 000,-	0
3.	Vik kommune	100 000,-	150 000
4.	Voss kommune	100 000,-	100 000
5.	Sogn og Fjordane fylkesk.	500 000,-	0
	<b>Sum</b>	<b>1 000 000,-</b>	<b>550 000</b>

Stiftarane vart etter ordskifte då samde om fylgjande: «*Stiftarane må få på plass ei grunnfinansiering av Verdsarvparken si verksemd.*» Kolonna med «*Status pr. 31.08.17.*» syner kva som er den faktiske stoda i dag.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ved fleire høve handsama (*jfr. vedtak i HPN 71/13, HPN 48/15, HNK 38/16*) og signalisert vilje til å yte sin del av grunnfinansieringa utan at dette så langt har gjeve noko økonomisk resultat.

### Avslutning

Gjennom "Declaration of Intent" (*Verdsarvsøknaden 1. januar 2004*) har Sogn og Fjordane fylkeskommune, ilag med dei andre fylka/ fylkesmenn og kommunane kring Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, påteke seg eit ansvar for fremje ei berekraftig ivaretaking og utvikling av verdsarven Vestnorsk fjordlandskap.

Kommunane og fylkeskommunen har vidare gjeve Verdsarvparken ([www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no)), både som organisasjon og arbeidsform, i oppdrag å vere ein pådrivar og støttespelar for ei natur- og kulturbasert samfunnsutvikling med forankring i verdsarvstatusen til Nærøyfjordområdet.

Dette er ei langsiktig satsing og oppdrag som føreset langsiktige og føreseieleg rammer.

Etablering av ei grunnfinansiering vil i så måte vere avgjerande for å kunne gjennomføre dette oppdraget.

Det som nemnt over tilseier no at Sogn og Fjordane fylkeskommune etter snart 10-år prioriterer og set av midlar i budsjett/ økonomiplan til grunnfinansiering av Verdsarvparken si verksemd.

Med venleg helsing

Erling Oppheim  
Dagleg leiar